

STYRANDE DOKUMENT TIL FULLMAKTSMATRISE

Vedteke i SAV leiarmøte 28.10.14 (sak 92/14). Orienteringssak til styret i Sjukehusapoteka Vest 06.11.2014 (Sak 62/14).

1 Vidaredelegering av administrerande direktør sine fullmakter

1.1 Overordna prinsipp

Administrerande direktør har innanfor det administrative område delegert fullmakter vidare etter følgjande prinsipp:

1.1.1 Leiing er det same som ansvar

Leiar sitt ansvarsområde skal være avgrensa, konkretisert og kommunisert i form av ein arbeidskontrakt, jobbeskriving og eventuell målkontrakt.

1.1.2 Ansvar, mynde og fullmakt høyrer saman

Leiarar med eit definert ansvarsområde må også ha mynde og fullmakt til å treffe avgjerder.

1.1.3 Ansvar vil bli gjort gjeldande

Leiarar vil bli vurderte i forhold til det ansvar, mynde og dei fullmakter som høyrer til stillinga eller funksjonen. Kvar leiar plikter å skaffe seg oversikt over eige ansvar, mynde og fullmakter og handle i samsvar med dette.

Leiar er forplikta til å sikre at eininga har ein fungerande intern organisasjons - og fullmaktsstruktur.

1.1.4 Ansvarsområde høyrer saman

Leiar bør ha eit heilskapleg ansvar. Som hovudregel bør ikkje fag-, økonomi- og personalansvar skiljast frå kvarandre.

1.1.5 Mynde kan delegerast, det kan ikkje ansvar

Leiar kan delegerare mynde og plassere fullmakt til å treffe avgjerder innanfor det administrative område, til leiarar på lågare nivå. Overordna leiar sitt ansvar blir i prinsippet ikkje endra av at mynde blir delegert.

1.1.6 Grenser for mynde og fullmakt

Uavhengig av fullmaksstruktur, er det administrerende direktør som treff avgjerd i saker av stor, prinsipiell eller overordna viktigheit. Det gjelder f. eks.

- i saker som skal føreleggjast styret, medrekna budsjett
- inngåing av avtalar som bind føretaket juridisk, med atterhald det som går fram av denne instruksen.
- mandat/ ramme for lønnsforhandlingar (og etter nærmare avtale med styre/ styreleiar)
- når føretaket skal gi fråsegner eller klage over vedtak frå tilsynsstyresmakter
- i saker kor Sjukehusapoteka Vest er saksøkt eller vil gå til søksmål
- i saker som gjeld moglege straffbare forhold og tilsette i føretaket er mistenkt, sikta eller tiltalt. Styret v/styrets leiar tek avgjerd om det skal krevjast påtale i saker kor tilsette er involvert.

2 Fullmaksstruktur

2.1 Administrerende direktør sine fullmakter

Administrerende direktør har eit totalansvar for verksemda og internkontrollen i føretaket, saman med styret og i tråd med styrets instruksar.

2.2 Nivå 2 leiar sine fullmakter (leiar som rapporterer til administrerende direktør)

Nivå 2 leiar har generell mynde til å ta avgjerd i administrative saker i eigen organisasjon med mindre anna er fastsett eller følgjer av denne instruksen.

Nivå 2 leiar har ansvar for internkontroll i eigen organisasjon.

2.3 Stabsleiarane sine fullmakter

Stabsavdelingane har primært eit system- og utviklingsansvar og ansvar for internkontroll samt ansvar for eigen organisasjon (fag, økonomi- og personal).

I definerte saker forvaltar dei administrerende direktør si fullmakt, og kan treffe avgjerder innanfor eige ansvarsområde. I særskilte saker, f.eks. der utfallet av ei sak vil kunne få omfattande økonomiske konsekvensar eller vil kunne medføre mykje negativ omtale i media, skal saka fyrst føreleggjast administrerende direktør til orientering og eventuell avgjerd.

3 Personar som kan forplikte Sjukehusapoteka Vest HF juridisk

Følgjande personar kan forplikte Sjukehusapoteka Vest HF juridisk innanfor eige ansvarsområde:

- Administrerande direktør
- Leiarar på nivå 2
- Andre leiarar med skriftleg delegert mynde
- Andre personar som er gitt mynde innanfor eit avgrensa område, sjå også punkt 3.2 og 3.3.
- Tilsette som har fått skriftlig fullmakt til å representere føretaket i enkeltsaker, f. eks som partsrepresentant i rettssaker.

Personar som er konstituert eller som fungerer i leiarstilling, vil ha same mynde som den man vikarierer for, med mindre anna går fram av skriftlige dokument.

3.1 Bestillingsfullmakt versus kontraktsfullmakt

Kontraktsfullmakt er å kunna forplikte Sjukehusapoteka Vest juridisk (både eingongskjøp/ investeringar og rammeavtalar).

Bestillingsfullmakt er fullmakt til å bestille varer innanfor kontraktar som er inngått.

Den som har kontraktsfullmakt skal som hovudregel ikkje ha bestillingsfullmakt innanfor same området.

3.2 Spesielle reglar når det gjeld inngåing av kontraktar

Administrerande direktør har fullmakt til å inngå rammeavtaler eller tilsvarande avtaler som dei med bestillingsfullmakt skal nytte, og salgskontrakter.

3.3 Spesielle reglar når det gjeld lønnsforhandlingar

Forhandlingsleiar har innanfor mandat fullmakt til å inngå bindande avtaler.

4 Kategorisering av avgjerder og krav til prosess

Det skal alltid gjerast økonomiske vurderingar (kost-/ nytteanalysar) av dei vala ein gjer, f. eks. tilsetjing av nye medarbeidarar. Avgjerder med økonomisk konsekvens skal i alle tilfelle vere innanfor kjøpende eining sine økonomiske rammer og innanfor føretaket sine gjeldande avtalar/ rammar/ retningslinjer.

Avgjerder som kan forplikta føretaket kan kategoriserast i følgjande hovudområde:

1. Overordna
2. Personal og lønn
3. Innkjøp av varer og tenester, samt investeringar
4. Leige/ lån av lokale/ utstyr/ materiell
5. Sal av varer eller tenester
6. Ettergiving av tilgodehav
7. Budsjett

Den som tek avgjerd er ikkje alltid den som i praksis gjennomfører bestilling eller foretar innkjøp. Den som i praksis er delegert mynde må også få fullmakt på linje med kva leiarar har.

5 Fullmaktsmatrise

Dei som forvaltar mynde og har fullmakt til å treffa avgjerd på vegne av føretaket, skal ha ein utfylt fullmaktsmatrise som vedlegg til jobbeskrivinga (sjå vedlegg). Nivå 2 leiar skal ha denne oversikta og det skal også administrasjonen sentralt i føretaket ha.

Når det gjeld attestasjon, anvisning og signaturkontroll, blir det vist til føretaket sin Økonomihåndbok.

6 Formelle forhold og konsekvensar ved brot på desse retningslinjene

Brot på desse fullmaktsreglane kan medføre ulike administrative reaksjonar.

Prinsippet om at ansvar og fullmakt skal følgjast ad, gir i praksis overordna leiar redusert høve til å trekkja fullmakter attende. Slike verkemiddel skal berre nyttast i enkeltstående tilfelle og/ eller i avgrensa periodar. Utover dette må ein i slike tilfelle vurdere ansvarsområdet til leiaren.

Vedlegg

Vedlegg 1 Overordna fullmaktsmatrise SAV

Vedlegg 2 Mal Fullmaktsmatrise nivå 2 leiar SAV

Vedlegg 3 Mal Fullmaktsmatrise nivå 3 leiar SAV